

Årsrapport for Mellomkyrkjeleg råd 2014

Mellomkyrkjeleg råds (MKR) mandat er å vareta Den norske kyrkja sitt (Dnk) samarbeid med systerkyrkjer og dei økumeniske organisasjonane i Noreg og internasjonalt. MKR skal leggje til rette for at Dnks kyrkjelydar kjenner at dei høyrer til i den verdsvide kyrkja og blir utfordra og rikare av kontakten med den. Saman med det globale kristne fellesskapet skal Dnk utføre kyrkja sitt misjonsoppdrag gjennom evangelisering og teneste for vår neste. MKRs mandat omfattar også internasjonale spørsmål slik som klima, menneskerettar, fred og forsoning, migrasjon og global økonomisk og sosial utvikling. Dei seinare årene har MKR også hatt eit omfattande samarbeid med andre trus- og livssynssamfunn gjennom religionsdialog og og religionspolitisk arbeid.

MKR's hovudmål:

Medverke fagleg og relasjonsbyggande, i samhandling med andre kyrkjer, organisasjonar og livssynssamfunn, i arbeidet med å styrkje kristen einskap, misjon, interreligiøs forståing og sosial rettferd.

2014 har vore prega av oppfølginga av generalforsamlingane til Kyrkjenes verdsråd (KV) og Konferansen av europeiske kyrkjer (KEK). MKR har støtta organisasjonsmessige endringar og medverka til å fylle nye program med konkret innhald. Dnk har no fleire personar med i KEK og KVs ulike kommisjonar og arbeidsgrupper. Samarbeidet om m.a. global misjon, urfolk sine rettar og migrasjon i Europa blir trappa opp frå vår side. MKR er med på å realisere KVs nye visjon/program «Pilgrimage of Justice and Peace» ved særleg å fokusere på fred og forsoning i Midtausten, klima og menneskerettar. KV-dokumentet Kirken - mot en felles visjon er sendt ut på høyring med tanke på å utarbeide Dnks høyringssvar i 2016. Dette er også ei oppfølging av KMs oppmoding til MKR om å integrere teologiske og økumeniske saker i arbeidet med ny kyrkjeordning. KVs misjonsdokument er saman med dokument frå Det lutherske verdsforbundet (LVF) blitt sentrale referansedokument i Samarbeid Menighet og Misjon.

MKR's nære samarbeid med KV, LVF og dei europeiske organisasjonane og formidling av dei økumeniske dokumenta ut i bispedømme og kyrkjelydar styrkje tilknytninga vår til den verdsvide kyrkja, samtidig som vi gjev impulsar frå norsk kyrkjeliv tilbake til det økumeniske fellesskapet. Men Dnk har framleis ei utfordring ved at vi ikkje ser oss i stand til fullt ut å betale kontingentane til KV og LVF.

Pave Tawadros II frå den koptiske kyrkja i Egypt gjesta Oslo i juni 2014, noko som var ei unik og flott oppleving, og som styrkte Den norske kyrkja sin relasjon til Egypt. Besøket inngår i MKR's arbeid for å støtte dei kristne i Midtausten, og gjensvitt i 2015 er under planlegging.

Luthersk identitet og systerkyrkjesamarbeid

Mål: Styrkje Dnks identitet som ei luthersk kyrkje som er ein del av eit verdsvidt økumenisk fellesskap

MKR hjelper til å styrkje det globale lutherske fellesskapet gjennom å forsterke samarbeidet med Dnks systerkyrkjer i Jordan og Det heilage landet (ELCJHL), den lutherske kyrkja i Brasil (IECLB) og i det Sørlege Afrika (ELCSA).

Ein samarbeidsavtale mellom Dnk og ELCJHL blei underskriven i 2014, og MKR var vertskap for eit internasjonalt partnerskapsmøte i Oslo i november der formålet var å skaffe internasjonal støtte til ELCJHL. Leiinga i Dnk sende ut ei oppmoding til Dnks kyrkjelydar om ofring til denne kyrkja som lever i ein svært kritisk situasjon, noko som hittil (per 10. februar) har resultert i over 700.000 kr, noko ELCJHL er svært takksam for. Dette er ei særskilt viktig støtte til ei lita - men viktig - kyrkje i Midtausten.

I samband med 20-årsmarkeringa av avskaffinga av apartheid heldt Trond Bakkevig Bjørn Bues minneforelesing om Dnks arbeid i Sør-Afrika på Misjonshøgskolen. MKR inviterte i samband med dette samarbeidspartnarar til ein refleksjon over samarbeidet med den lutherske kyrkja, som ein opptakt til evaluering og fornying av samarbeidsavtalen med ELCSA. Fornya samarbeidsavtale med Den lutherske kyrkja i Brasil blei underskriven i 2013, og det blir no arbeidd med ein konkret handlingsplan og planar for kyrkjeleiargjesting til Brasil i 2015.

Planlegginga av reformasjonsmarkeringa i 2017 kom i gong i 2014, m.a. gjennom eit større økumenisk møte i juni der Dnk inviterte Norges Kristne Råd og andre kyrkjelege samarbeidspartnarar. Dnks hovudkomité har utarbeidd ei overordna målsetjing for markeringa i Norge i tråd med føringar frå LVF. Impulsane frå det verdsvide arbeidet med reformasjonsmarkeringa i det lutherske fellesskapet er med på å avklare og styrkje Dnks lutherske sjølvforståing.

Misjon

Mål: Styrkje kyrkjelydane sin missionale identitet og eigarforholdet til kyrkja sitt misjonsoppdrag i samarbeid med misjons- og diakonale organisasjonar og det globale økumeniske fellesskapet.

Björgvin bispedømme har følgd opp KM-saka om misjon frå 2012 ved å gjennomføre fagdagar for tilsette og frivillige i alle prostia. Dette har vore eit svært vellukka samarbeid mellom bispedømmet, MKR, SMM og Kirkens Nødhjelp (KN). Gjennom desse arrangementa har ein forsøkt på nye og konstruktive måtar å nå heilt ut i dei einskilde kyrkjelydane for å drive opplæring og samtale om det «nye misjonsomgrepet». Frå MKRs side har dette vore eit interessant pionerarbeid, og erfaringane frå samarbeidet mellom bispedømmet og SMM og KN vil bli vidareført i nye samarbeidstiltak i 2015, noko som er med på å synleggjere samanhengar mellom evangelisering og diakoni i kyrkja sitt misjonsoppdrag. MKR er medvite om at kontakt med lokale kyrkjelydar fordrar nye og kreative samarbeidsrelasjonar.

MKR deltok på den økumeniske misjonskonferansen AgendaUT i Stavanger arrangert av m.a. Norges Kristne Råd og NORME. Dette gav også nye og nyttige erfaringar i økumenisk samarbeid om misjon. Det at Dnk no har eit medlem i KVs kommisjon for misjon og evangelisering er strategisk viktig for å knytte saman det misjonsarbeidet Dnk driv i samarbeid med norske organisasjonar med det økumeniske fellesskapet.

MKR har utarbeidd ein strategi for eit meir konkret samarbeid med Kirkens Nødhjelp. Vi oppmodar mellom anna alle kyrkjelydar til å gje offer til Kirkens Nødhjelp på julekvelden, og også vere med i Fasteaksjonen.

Interreligiøs dialog:

Mål: Vidareføre interreligiøs dialog for å styrkje samarbeidet med menneske av anna tru og medverke til fred og forståing lokalt og globalt

Dialogane med Islamsk Råd Norge og Det Mosaiske Trossamfund har nått ein fase der vi i gjensidig tillit også kan utfordre og kritisere kvarandre. Dialoggruppa «Abrahams barn» si reise til Israel og Palestina i 2013 medverka til dette. Dette gjer dialogarbeidet meir krevjande - men også meir lærerikt og stimulerande. Forhold i det internasjonale samfunnet (krigane i Gaza, Syria og Irak, terrorgruppa IS, aukande antisemittisme og auka konfliktnivået i europeisk innvandringsdebatt) smittar over på dialogane også her i landet, og gjer dei meir krevjande.

Saman med Samarbeidsrådet for blir tros- og livssynsamfunn og Islamsk Råd Norge har MKR delteke i fleire tiltak for å kjempe mot valdeleg ekstremisme som er religiøst motivert. Dette er eit arbeid som vil få auka fokus framover, og vi samarbeider også med norske styresmakter om dette, ikkje minst i forhold til å forbygge ekstremisme blant ungdom.

Trusopplæringsmateriellet *Sier vi om antisemittisme, islamofobi og antisiganisme* er ein viktig ressurs i kyrkja sitt eige førebyggjande arbeid blant ungdom.

Fred og menneskerettar

*Mål: Styrkje kyrkja sitt arbeid for fred og menneskerettar
Styrkje menneskeverdet i arbeidet med flyktning- og asylspørsmål og integrering*

Noko av det som gleda oss aller mest i 2014, var at FN's avtale om våpenhandel (Arms Trade Treaty) tråtte i kraft. Dette er noko Den norske kyrka saman med Norges Kristne Råd, Kirkens Nødhjelp og det globale økumeniske fellesskapet har arbeidd mykje med. Dnk var i si tid ein av initiativtakarane til KVs sin verdsospennande aksjon for å påverke FN, og dette er eit døme på at kyrkjene saman faktisk kan påverke verdsopinionen. Vi kan håpe på at den nye avtalen vil spare fleire menneskeliv, ikkje minst i dei fattige landa.

Kyrkjemøtesaka om menneskerettar gav ein grundig og konstruktiv refleksjon om Dnks arbeid med menneskerettar, og kyrkjemøtevedtaket gjev eit svært godt grunnlag for det vidare arbeidet. Utgreiinga *Sett undertrykte fri* har vakt stor interesse, og ho er trykt i ei ny, lett revidert utgåve etter KM. Ho er omsett til engelsk og blir tilgjengeleggjort på nett som eit bidrag frå Dnk til det internasjonale økumeniske menneskerettsarbeidet. Det er svært nyttig for MKRs teologiske og etiske refleksjon og det konkrete arbeidet med menneskerettar å ta utgangspunkt i dei føringane som KM gav i vedtaket sitt. Dette gjer greie for kriteria for kyrkja sitt menneskerettsarbeid. MKR er i gong med å utarbeide ressursmaterieill til bruk i kyrkjelydar der føremålet er å vise korleis diakonien i lokalkyrkjelyden heng saman med ei rettsbasert tilnærming. Dette arbeidet har vakt interesse m.a. i LVF som ser Dnks arbeid på dette området som noko som er svært interessant også for andre av LVFs medlemskyrkjer. Såleis kommer vi - gjennom KM-saka - med nye ressursar og impulsar til det globale økumeniske fellesskapet.

I MKRs oppfølging av KM-saka har vi valt særleg å fokusere på religions- og trusfridom og rettar knytt til kvinner og minoritetsvern, både internasjonalt og i samanheng med konvertittar i Norge. I samband med grunnlovsmarkeringa i 2014 var MKR med på å skape merksemd og debatt om religionsfridom og jødeparagrafen i 1914-grunnlova.

MKR har utarbeidd ei ny utgreiing om kyrkjeasyl som eit ressursdokument for kyrkjelydar og bispedømme.

Midtausten

Krigane i Syria, Irak og Gaza prega arbeidet i Midtausten i 2014. MKR har kome med fleire fråsegner om humanitær stønad til offera og oppmoda til å verne dei som blir forfølgde på grunn av trua si. MKR vedtok i november nye styringsdokument for arbeidet sitt i Midtausten, som i hovudsak vidareførte gjeldande prioriteringar baserte på KM-vedtaket frå 2000.

MKR's engasjement i Midtausten er stadig i media sitt søkjelys, iblant blir det etterlyst eit sterkare engasjement for «forfølgde kristne». MKR vedtok på rådsmøtet sitt sist november eit oppdatert posisjonsdokument for arbeidet i Midtausten saman med ein konkret handlingsplan. MKR har tre hovudmål for arbeidet sitt med Midtausten:

- Fremje rettferdig fred
- Fremje minoritetsvern og trusfridom
- Medverke til å sikre kriste nærvær

MKR har diskutert grundig korleis vi best kan medverke til å sikre det kristne nærværet i Midtausten og spurt oss kva den unike rolla vår er: Kva kan MKR gjere som andre norske aktørar ikkje gjer? Vi vil konsentrere arbeidet framover om å medverke aktivt i samarbeidet og også å skaffe økonomisk støtte frå Norge til:

- Kyrkjenes verdsråds program i Midtausten
- Det lutherske verdsforbundet: Augusta Victoria-sjukehuset i Jerusalem
- Middle East Council of Churches
- Den evangelisk-lutherske kyrkja i Jordan og Det heilage landet
- Council of Religious Institutions in the Holy Land

Samstundes vil vi oppmode kyrkjelydane våre til forbøn, og vi vil delta i den offentlege debatten med nyanserande innspel om dei kristne og andre minoritetar sin situasjon i Midtausten.

Kirkens Nødhjelp er ein nær samarbeidspartnar, likeins Stefanusalliansen. Vi har ei avklart rollefordeling oss imellom. MKR opprettheld samarbeidet med UD om minoritetsvern og vil også vidareføre religionsdialogen med Islamsk Råd Norge, Det Mosaiske Trossamfund og Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn der vi m.a. medverkar til arbeidet mot religiøs ekstremisme. Arbeidet mot den aukande antisemittismen vil også bli prioritert.